

## Vikstølsmarsjen 2022

Då er det endeleg klart for den tradisjonsrike Vikestølsmarsjen att, etter fleire år med pause.

**Søndag 4. september** håpar me at alle tek ein tur til fjells og kjem opp på Vikestølhytta.

Me er på hytta **frå 11.00 til 15.00**. Velkomen til dykk alle!

For den svoltne kan me freista med nydeleg kjøtsuppa som Dag Alne har laga. Kjøtet i suppa er kortreist og lokalt. Det er villsau i frå garden oppe på Alna. Det blir i tillegg sal av pølser, kaker, kaffi og saft.

Så håpar me at de vil vera med på hesteskosting, Det vil bli 4 klassar. Kar, kvende, gut og jente. Premie til den som kastar best.

Oppe på Vikestølen kan du kjøpa lodd, men du kan også kjøpa lodd i forkant. Det ligg loddbøker i kassa til Gunn, og ein inne i Drøsestova. 10 kroner per lodd.

For digitalt loddkjøp, vipps pengar til: 115528 og vel Vikestølen, merk så handelen med «lodd +ditt namn». Me skriv deg så opp i ei eiga loddbok.

Det blir fine premiar på loddsalet. Vinnaren vil bli kontakta i tillegg til opplyst på facebookside til Vikebygd («Oppslagstavle for Vikebygd») og Bjoa si facebookside («Bjoa»), samt nettsida [vikebygd.org](http://vikebygd.org) og [bjoa.no](http://bjoa.no)

Me er på hytta i frå 11.00 til 15.00.  
Håpar de kjem!

*Du kan betale med kontant eller med Vipps.*

Helsing hyttestyret:  
Dag Alne  
Aleksander Vølstad  
Torbjørn Sætre  
Terje Bødtker

